

Uskedeling mønstrar på Sjøkurs

20.08.2015

Båten Sjøkurs er identisk med Sommarbåten til NRK og om vinteren er den skuleskip. Dei neste 10 månadane får den også ein 16 år gammal uskedeling ombord. Martin Yri Røsland mønstrar måndag på Sjøkurs i Kristiansand og startar på ei utdanning som er ei blanding av elektro, teknikk og industriell produksjon, Ombord i Sjøkurs er det 60 elevar.

Grenda opplysar at Martin er maritimt disponert både på fars- og morssida og at han alltid har likt seg på sjøen. Han føler meistring, både når det gjeld bading eller båtføring. Til dømes har han ført livbåt på Norsafe. Og målet er å verta kaptein ein dag.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen